



SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune

Reguleringsplan - Sykkylven 3/10 - 3/75 mfl - detaljregulering - Fauskelia

Trekking av motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgaver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til brev datert 13.02.2023 med oversending av revidert planforslag for detaljregulering Fauskelia.

Statsforvaltaren fremma i brev av 25.11.2022 motsegn til planforslaget ved 1.gongs høyring fordi det ikkje var tatt tilstrekkeleg omsyn til barn og unges interesser. Vi bad om at det vart lagt til rette for ein nærleikeplass vest i planområdet slik at avstanden for dei minste barna ikkje blir for lang.

I revidert planforslag er det regulert ein nærleikeplass på om lag 200m² i vestleg del av planområdet. Kommunen har vore på synfaring og har vurdert at dette kan bli eit tilfredsstillande areal for leik. Funksjonskrav og rekkefølgekrav for opparbeiding er sikra i føresegnene.

Vi vurderer at barn og unges interesser no er godt ivaretatt i reguleringsplanen og vi kan **trekke motsegna** vi fremma i brev av 25.11.2022.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 2500

6404

MOLDE